

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		27.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021

Omklassifisering- Nedlegging av delar av fylkesveg 4992 - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

1. Fv. 4992 Vestvikvegen, på strekninga S1D1 m2509-2484 vert lagt ned som offentleg veg.

Samandrag

Saka gjeld nedlegging av 25 meter av fylkesveg 4992 etter snuplass i Bømlo kommune i Vestvik.

Fylkesrådmannen har vurdert at strekninga i dag har ein funksjon som tilseier at vegen bør vera privat. Den held fram 25 meter forbi snuplass i enden av fylkesvegen og vidare forbi gatetunet til ein privat bustad før den går vidare på privat veg. Det er difor naturleg at dei 25 meterane blir ein del av den private vegen og fylkesvegen stoppar med snuplassen.

Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå fylkesutvalet å vedta at fv.4992 S1D1 m2509-2484 vert nedlagt til privat veg etter veglova § 7 annet ledd.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann


Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka gjeld nedlegging av 25 meter av fylkesveg 4992 etter snuplass i Vestvik i Bømlo kommune. Vegen ligg i eit gatetun med eit privat hus på den eine sida med tilhøyrande garasje på den andre sida (sjå figur 1 og 2). Det er ein snuplass rett før huset, men den fylkeskommunale vegen held i dag fram 25 meter vidare før den treffer på den private vegen Pv1098 (gnr/bnr 47/11).



Figur 1: Raud linje er tenkt punkt for avslutning av fylkesvegen. Linja er trekt der slik at fylket ikkje gjer frå seg areal etter snuplassen som potensielt kan brukast til oppbevaring av utstyr. Om nabo ønskjer å krevje meir areal lagd til seg fram til snuplass kan det vurderast etter veglova § 8 tredje ledd.



Figur. 2

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang i samband med omklassifisering av fylkesvegen følger veglova § 7:

«*Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjøre vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.*

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjøre vedtak om at fylkesveg skal leggast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjøre vedtak om at kommunal veg skal leggast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikke settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærmere retningsliner gitt av departementet.»

Kriterium for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegrar

Gjeldande kriterium for grenseddraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegrar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:

"a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar)

Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegrar vert trekt mellom samlevegar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene

b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar)

Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølv tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilstasjon, eller kai av regional betydning

c. Spreidtbygde - / grisgrendte områder

Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilstasjon, eller kai av regional betydning.

For storbyar og byar siktas det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område.

Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område."

I handbok N100 (versjon 017) kap. C.4 er samlevegar og atkomstvegar definert slik:

«Samlevegar er forbindelsesvegar mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstveger og øvrige hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings og fordelingsfunksjon. Atkomstveger gir atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.»

Synfaring, naudsynte reparasjonar, NA-rundskriv 97/13 og andre opplysningar relatert til saka

Ved nedlegging av veg til privat veg vert det ikkje stilt noko tekniske krav til vegen før dette skjer jf. NA-97/13: «*Når vegen leggjast ned som offentleg veg og vegrunnen blir tatt over av private, stilles det ikkje tekniske krav til standard dersom de private ønsker å bruke den nedlagte vegen.*»

Det har derfor ikkje vore noko synfaring, men ut i frå Statens Vegvesen sine arkivbilete frå august 2020 synast vegen å vera i god stand. Det er derfor ikkje aktuelt med noko tiltak på vegen før den vert lagt ned.

Sjølv om utsynet som brukast er at vegen «vert lagt ned» så vil ikkje det medføre at vegen fysisk blir stengt. Det medfører at den blir lagt ned som offentleg veg til privat bruk og vedlikehald for aktuelle brukarar.

Bømlo kommune har ikkje merknader til foreslått vedtak om nedlegging, og har svart slik 15. mars 2021: «*Bømlo kommune har ikkje merknader til dette!*»

Vedtakskompetanse

Reglement for folkevalde organ og delegering, Oktober 2020, Vestland Fylkeskommune side 80 punkt 11 til § 7 i veglova:

«*Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjering av riksveg eller å gjøre vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg.*»

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Kostnader kytt til grunnerverv kan komme ved endring av veghaldar. Vidare kan det gi endringar i rammetilskot sidan eit kriterium for rammetilskot er delvis basert på talet av den totale mengde med kilometer fylkesveg som fylkeskommunen har. Kostnaden og behovet for vedlikehald frå fylket vil opphøyra. Då den aktuelle vegen er 25 meter lang vil desse momenta ha minimal innverknad.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen kan sjå at fylkesvegen 4992 bør stoppa med snuplassen.

I høve til grensedraginga mellom kommunale og fylkeskommunale vegar skal vegen bli vurdert etter bokstav c. Slik det er i dag der den aktuelle delen av vegen på 25 meter går gjennom eit gatetun tener den direkte berre ein bustad og indirekte nokon fleire på den private vegen den held fram i. Vegen vidare har ikkje eit befolkningsunderlag på over 50 personar eller ein regional funksjon. Bømlo kommune har ikkje noko merknader til nedlegging av vegen og det er derfor det mest naturleg at den leggjast ned til privat veg.

Fylkesvegen som held fram 25 meter forbi snuplassen før den treffer privat veg har i dag ein unaturleg avslutning. Det naturlege vil vera å avslutta fylkesvegen ved snuplassen med tanke på blant anna snøbrøyting og vedlikehald. Spesielt snøbrøyting er fordelaktig at avsluttast ved ein snuplass. I dag fortset vegen forbi snuplassen gjennom gatetunet til ein privat bustad (mellom bustaden på ei side og garasjen på andre).

Fylkesrådmannen tilrår derfor at fv.4992 S1D1 m2509-2484 (S1D1 betyr «strekning 1» og «delstrekning 1») leggjast ned til privat veg jf. veglova § 7 annet ledd jf. § 8 annet ledd. Vegen vil då bli ein del av den private vegen som eksisterer frå før, og som held fram forbi det punktet fylkesvegen sluttar.